

Kven er kje glad naa alt gjeng vel
Baate i flod aa i fjæra
Slita seg trøyyt aa mest ihel
Avance i alla læra
Helsa aa lukka gull aa skog
Æra aa *trevna* mot aa hog
Fyljar med alt ein skal gjera

Alting til viljast da dar flyt
Pengar paa alt kva ein gjere
Hujen han veks, tilslutt ein lyt
Verdi faa raada kvart tone
Hjarta for althing harma seg
Alle gnaga slit aa dreg,
Kroppen ein slave lyt væra.

Slikt da er vont aa koma fraa
Alltid aa plagast med ditta
Illa og *lagt* men verre daa
Heile din huslyd vert smitta
Kona aa *badn* faar same tra
Verdi aa hjarta jaga paa
Freden i sjeli lyt røma

Girug han kjem vil innum sjaa
Styrmann han alltid vil væra
Mamon kjem aag vil gjeva raa
Spara, ja da maa dykk gjera
So kjeme *øydsam* sid aa breid
Legg upp karte sjaa her er leid
Lev godt den stundi du leve.

Lukka er med aa alt gjeng vel
Hjarta faar nok til aa gjæra
Hrr galskap kjem med alt sitt *bræl*
Med tenkning kor alt skal væra
Hjarta vart trøyyt aa metna til
Inn undar er ei hungrig sjel
Allstødt med inkje lyt væra.

Er det ei lukka, - lukka som
Lukkeleg nokon kan gjera
Lukka so gjere sjeli tom
Kan det ei lukke vel væra
Ditta ein mann kan verta rik
I rikdomen verta verdi lik
Lik med dei verdslige aander.

Lukka so dreg til Tabors høgd
berre paa verdi aa *glora*
Ditta ein inkje vert fornøgd
Berre aa *krabsa* aa klora
Ditta ein ikkje fred kan faa
Uro inni kvar hjartekraa
Gladvor ein aller kan venta.

Ditta at ein vil allslag faa
Kjem da for augena berre
Ditta at ein hev lite raa
Allstødt vert verre aa verre
Ditta at denne sjauen din
Smitta andre, kring gar aa grenn
Er det i grunde ei lukka?

Berre for verdi all di sut
For ditta live aa næra
Sjæli aa henna liv i Gud
Let du so endefram væra
Sjæli ho sutrar, taare græt
Harmast yver ditt littla vit
At du let verdi deg daara.

Lukka som her i live kan
Den ævliga lukka vinna
Lukka til Gud han veit det han
Kvarhelst du lukka skal finna
Trui paa Jesus gjev han deg
Tru er krafti paa livsens veg
vegen til eveleg lukka

Lukka so gjere sjæli rik
Paa *dygder* so *valda* gleda
So at ein vert vor frelsar lik
Verdi kan lasta aa *hæda*.
Gud aa hans vilje hava kjær
Lukka so inn til himlen bær
Naar live me her skal enda.